



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



UKM-festivalen Sogn og Fjordane

Måløy 29.-31. mars 2019

Informasjon til kommunane



www.sfj.no

www.ukm.no

UKM-festivalen Sogn og Fjordane 2019

1.	Innleiing.....	- 2 -
2.	Kvotar.....	- 2 -
3.	Fristar	- 3 -
4.	Vidaresending.....	- 3 -
5.	Deltakaravgift.....	- 4 -
6.	Prinsipp for deltaking	- 4 -
7.	Aldersgrense.....	- 4 -
8.	Ordensreglar for arrangementet.....	- 4 -
9.	Reiseleiarar	- 4 -
10.	Forsikring	- 4 -
11.	Mat og overnatting	- 5 -
12.	Utstilling	- 5 -
13.	Husband og akkompagnatør	- 5 -
14.	Miksinnslag.....	- 5 -
15.	Framsyningar, tekniske prøvar, workshops og	- 6 -
	kveldsaktivitetar	- 6 -
16.	HMS-rutinar og samtykkeerklæring frå kommunane	- 6 -
17.	Samtykke til publisering av film, foto mm.	- 7 -
18.	Desse kan svare på spørsmål om festivalen.....	- 8 -

Vedlegg 1 Samtykke- og informasjonsskjema

Vedlegg 2 Samtykke for publisering av film, foto mm

1. Innleiing

UKM-festivalen Sogn og Fjordane vert arrangert i Måløy 29. – 31. mars 2019 med Vågsøy kommune som hovudarrangør. Hovudarena er Nordfjordhallen i Deknepollen, www.nordfjordhallen.no.

Informasjon om arrangementet blir lagt ut på www.ukm.no etter kvart som ting fell på plass. Det er også oppretta ei eiga gruppe på Facebook for dei som skal delta på festivalen. Gruppa heiter «UKM-festivalen Sogn og Fjordane 2019» og kan søkast opp der.

2. Kvotar

Tal deltakarar og leiarar pr. kommune: 25 deltakarar, 2 leiarar

- Når fleire kommunar arrangerer i lag, beheld kvar kommune kvoten sin til fylkesfestivalen.
- I tillegg til å delta med sceneinnslag eller utstillingsarbeid, kan ein delta som konferansier, arrangør og i UKM Media/festivalredaksjonen.
- Deltakarar som går vidare som konferansierar, arrangørar og til UKM Media/festivalredaksjonen er ein del av den ordinære kvota til kommunen.

Type	Tal	Utfyllande info	Anna
Scene	5 innslag	Maks 4 min. pr. innslag	
Miksinnslag	1 pr. kommune. Inngår i scenekvote	Gjev 2 min. ekstra scenetid	Meir info i kapittel 14 i dette heftet.
Litteratur	Inngår i scenekvote		Ta kontakt for eventuell utviding av kvoten om ein har mange litteraturinnslag.
Kunst	4 kunstverk	Maks 2 verk frå same person	Verka må vere merka og klare til å henge opp.
Film/video	1 film/video, evt. fleire korte	Maks 3 min film/video pr. kommune. Maks 2 filmar/videoar frå same person	Ta kontakt for eventuell utviding av ramma om ein har mange filmar/videoar.
Konferansier	1 konferansier pr. kommune		Ta kontakt for eventuell utviding av kvoten om ein har fleire aktuelle konferansierar.
Unge arrangørar	2 unge arrangørar		Ta kontakt for eventuell utviding av kvoten om ein har fleire aktuelle arrangørar.
UKM Media/ Festivalredaksjon*	2 deltakarar		Ta kontakt for eventuell utviding av kvoten om ein har fleire aktuelle deltakarar i UKM Media.

3. Fristar

Oppgåve	Siste frist	
Siste mulige dato å arrangere lokalmønstring 2019	10. mars 2019	
Vidaresending av sceneinnslag, konferansierar, arrangørar, kunstnarar og til UKM Media/Festivalredaksjonen	11. mars 2019	
Levering av kunst	11. mars 2019	Meir info i kapittel 12 i dette heftet.
Fylle ut fana Infoskjema under vidaresending i administrasjonssystemet på www.ukm.no .	18. mars 2019	
Gje kommunen sitt samtykke til at <ul style="list-style-type: none"> • informasjon er mottatt • ein er kjend med ordensreglane for festivalen • HMS-rutinar under fana Infoskjema i administrasjonssystemet på www.ukm.no .	18. mars 2019	Meir info i kapittel 16 i dette heftet.

*Om UKM Media/Festivalredaksjonen

Deltakarar sendt vidare til UKM Media/Festivalredaksjonen vil blir del av ein redaksjon med ungdom som skal jobbe som journalistar under festivalen. Redaksjonen vil bli leia Kari-Louise Morgan og Ingeborg Langeteig som til dagleg er elevar ved MK-linja på Sogndal vgs.

4. Vidaresending

Alle må sende vidare deltakarar til fylkesfestivalen så snart som råd etter eiga mønstring.

All vidaresending av deltakarar skal skje via administrasjonssystemet på www.ukm.no.

Filmar og playback-filer skal lastast opp til www.ukm.no når ein sender vidare deltakaren. Playback-filer skal lastast opp under menypanelet Playback og knyttast til deltakaren, filmar skal lastast opp under Video.

Denne videoen syner korleis ein lastar opp film/video i administrasjonssystemet: <https://www.youtube.com/watch?v=bQs4HIvBlwY>

Frist for vidaresending av sceneinnslag, konferansierar, arrangørar, kunstnarar og til UKM Media/festivalredaksjonen er 11. mars 2019.

5. Deltakaravgift

Deltakaravgifta er 700 kr pr. deltakar. 2 leiarar er inkludert. Deltakaravgifta dekker deltaking på festivalen, workshops, sosiale aktivitetar, mat og overnatting.

6. Prinsipp for deltaking

Alle deltakarane må vere til stades under heile festivalen.

Vi oppmodar kommunane til å la fagpanelet velje ut nokre ekstra deltakarar som kan få tilbod om å delta dersom dei som blir valt ut først ikkje har høve til å vere med. Desse ekstra treng ikkje offentleggjerast.

7. Aldersgrense

Aldersgrense for fylkesfestivalen er 13 til 20 år, frå og med det året ein fyller 13 til og med det året ein fyller 20. For grupper gjeld at halvparten av medlemmane må vere innanfor aldersgrensa. For konferansierar og arrangørar er aldersgrensa 15 – 20 år.

8. Ordensreglar for arrangementet

- Respekt og toleranse er viktig under festivalen. Det skal vere rom for ulike meiningar, livssyn og veremåtar slik at alle kan kjenne seg trygge.
- Det skal vere ro i sovesalane frå kl. 00:00.
- Alle UKM-artistar må møte presis til prøvar, framsyningar og arrangement.
- All bruk av rusmidlar er forbode, og brot fører til heimsending for eiga rekning.

9. Reiseleiarar

Kommunen må stille med ein reiseleiar for inntil 10 deltakarar, fleire enn 10 deltakarar krev 2 reiseleiarar. Kven som skal vere reiseleiarar frå kommunen skal meldast inn via vidaresendingssystemet på www.ukm.no seinast 18. mars 2019. Alle reiseleiarar vil få tilsendt ei eiga rettleiing for reiseleiarar når det nærmar seg festivalen.

10. Forsikring

Alle deltakarar må ha reiseforsikring. Deltakarane er også ansvarlege for eventuell forsikring av utstyr /instrument/utstillingsarbeid ein brukar/deltek med under festivalen. Det er kommunane sitt ansvar å informere deltakarane om dette.

11. Mat og overnatting

Alle deltakarane skal overnatte i klasserom i modulskulen tilknytt Måløy vgs. Modulskulen ligg i gå avstand til hovudarenaen Nordfjordhallen. Matsservering blir i kantina til Måløy vgs. som ligg i Nordfjordhallen.

12. Utstilling

Det skal lastast opp bilete av utstillingsarbeid som skal vere med på festivalen under fana «Bilder» i administrasjonssystemet på www.ukm.no. Dette er viktig for å lette arbeidet for dei som skal planlegge og montere utstillinga.

Denne videoen syner korleis ein lastar opp bilete i administrasjonssystemet:

https://www.youtube.com/watch?v=Qj7BC0sodBE&index=1&list=P_LND2sUEYjTJTb4eEMRoVSQGVMUq5HIw1

Vidare **må** alle utstillingsarbeid leverast ein av 4 stader **seinast 11. mars 2019**. Dei må vere pakka for transport og tydeleg merka med namn på kunstnar og på kunstverk.

- Førdehuset
- Operahuset på Nordfjordeid
Ring Janne Mari Hjelle på tlf 970 96 997 for å avtale levering.
- Sogndal kulturhus
- Nordfjordhallen i Vågsøy

Kunstutstillinga vert pakka ned under siste framsyning søndag 31. mars. **Det blir ikkje mogleg å hente utstillingsarbeid før etter at den siste framsyninga søndag er slutt.** Kommunane er sjølv ansvarlig for å hente utstillingsarbeida, eventuelt avtale med hovudarrangør om tilbakelevering i etterkant.

13. Husband og akkompagnatør

Deltakarar som går vidare med playback vil få høve til å delta med husband beståande av gitar, bass, trommer og piano. Klassiske musikarar vil få tilbod om pianoakkompagnatør.

14. Miksinnslag

Kvar kommune kan sende vidare eitt miksinnslag til UKM-festivalen Sogn og Fjordane.

Eit miksinnslag er eit innslag sett saman av fleire andre innslag, og meldt på som eit nytt sceneinnslag. Målet er å stimulere til kreativitet, nyskaping og gje fleire høve til å oppleve festivalen.

Eit miksinnslag inngår i scenekvota til kommunane, men gjev 2 min. ekstra scenetid.

Ta kontakt med hovudarrangør for informasjon om korleis ein sender vidare eit miksinnslag i administrasjonssystemet.

15. Framsyningar, tekniske prøvar, workshops og kveldsaktivitetar

Det blir tekniske prøvar og framsyningar både fredag, laurdag og søndag i festivalhelga. Rekkjefølgja på innslaga blir uavhengig av kva kommune ein representerer. I tillegg blir det biscener slik at ein del av deltakarane får opptre to gongar.

Hovudarrangør planlegg workshops i m.a. dans, sceneopptreden, kunst m.m. Oppdatert info vert lagt ut fortløpande på www.ukm.no. Det er også på denne sida deltakarane skal melde seg på workshops.

Førebilst oppsett:

Fredag 29. mars		
Frå kl. 17:00	Registrering	Nordfjordhallen
kl. 17:30	Teknisk prøve scene	Nordfjordhallen
kl. 20:00-21:45	Framsyning 1	Nordfjordhallen
kl. 22:00-00:00	Sosiale aktivitetar	
Laurdag 30. mars		
kl. 09:00	Teknisk prøve scene	Nordfjordhallen
kl. 10:00	Fellessamling	Nordfjordhallen
kl. 10:15-13:00	Workshops	
kl. 13:00-13:45	Biscene	
kl. 14:00	Opning kunstutstilling	Nordfjordhallen
kl. 15:00-17:00	Framsyning 2	Nordfjordhallen
kl. 18:00-20:00	Framsyning 3	Nordfjordhallen
kl. 22:00-00:00	Sosiale aktivitetar	
Søndag 31. mars		
kl. 09:15	Fellessamling	Nordfjordhallen
kl. 09:30	Teknisk prøve scene	Nordfjordhallen
kl. 09:30-12:30	Workshops	
kl. 13:00-15:00	Framsyning 4	Nordfjordhallen

16. HMS-rutinar og samtykkeerklæring frå kommunane

Tryggleik og sikkerheit for deltakarar og publikum har høg prioritet under festivalen. Vågsøy kommune som hovudarrangør og kommunane må samarbeide om dette.

- 1) Kommunane har ansvar for at informasjon om ordensreglar og annan viktig informasjon om arrangementet når alle deltakarar og reiseleiarar. Ein finn denne informasjonen i dette heftet og på www.ukm.no.
- 2) Det er kommunane sitt ansvar at deltakarane/foreldre/føresett til deltakarar har signert samtykkeskjema (vedlegg 1) om at dei vil følgje dei ordensreglane som gjeld for festivalen.
- 3) Kommunane sine reiseleiarar har ansvar for å følgje opp sine deltakarar under festivalen.
- 4) Alle deltakarar skal ha gyldig reiseforsikring. Det er den einskilde kommune sitt ansvar å hente inn stadfesting frå deltakarane/foreldre/føresette om dette gjennom samtykkeskjemaet til deltakarar (vedlegg 1), og følgje opp dersom nokon ikkje har gyldig forsikring.

- 5) Vågsøy kommune utarbeider vakt-, beredskaps- og brannrutinar for overnattingsstaden som vert fylgt opp og loggført av vaktmannskap.
- 6) Alle leverandørar til festivalen skal underteikne ei erklæring om at
 - a. Alt utstyr som vert nytta i forbindelse med leveransen er montert, sikra og sertifisert i samsvar med gjeldande forskrifter.
 - b. Alt personell har nødvendige kurs og sertifikat.
 - c. Leverandøren har ansvars- og ulykkesforsikring som trer i kraft dersom det skulle skje eit uhell.

Som vedlegg 1 til dette heftet finn de eit samtykke- og informasjonsskjema de kan nytte for å hente inn informasjon frå deltakarane som går vidare til festivalen frå dykkar kommune. Ferdig utfylt skjema skal **ikkje** sendast vidare til hovudarrangør, men meldast inn via vidaresendingssystemet på www.ukm.no. De står fritt til å redigere det som gjeld reise på skjemaet sidan kommunane løyser dette ulikt.

Samtykkeskjema frå kommunane til hovudarrangør er integrert i vidaresendingssystemet på www.ukm.no. Kommunen må samtykke digitalt på punkt 1) – 6) ovanfor for at deltakarane frå kommunen skal få delta på festivalen. Frist for å gje sitt samtykke er 18. mars 2019.

17. Samtykke til publisering av film, foto mm.

Alle framsyningane under UKM-festivalen vil bli filma av UKM Media og sendt direkte på NRK Sogn og Fjordane sine nettsider. Det vil bli tatt scenefoto av alle innslaga i framsyningane. Bileta vil bli gjort tilgjengelege for lokalaviser og NRK Sogn og Fjordane, og kan bli brukt i reportasjar og artiklar i papir- og nettaviser i samband med arrangementet. Det vil også bli laga reportasjar og tatt bilete mm av andre deler av arrangementet.

Det er mulig for deltakarar/føresette å reservere seg mot at det blir publisert/nyttå bilete/film av deltakaren i samband med arrangementet. Dette må gjerast på vedlagt skjema (vedlegg 2). Kommunen beheld skjemaet, men melder vidare til hovudarrangør dersom nokon reserverer seg.

18. Disse kan svare på spørsmål om festivalen**Frå Vågsøy kommune**

Cathrine Høyland
Barmen

Tlf. 976 90 114

[cathrine.hoyland.barmen@
vagsoy.kommune.no](mailto:cathrine.hoyland.barmen@vagsoy.kommune.no)

Anne Grethe Strand

Tlf. 908 90 381

[anne.grethe.strand@
vagsoy.kommune.no](mailto:anne.grethe.strand@vagsoy.kommune.no)

Ronny Silden Totland

Tlf. 970 97 173

[ronny.totland@
vagsoy.kommune.no](mailto:ronny.totland@vagsoy.kommune.no)

Frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

Eva Kristin Svidal

Tlf. 911 69 693

eva.kristin.svidal@sfj.no



Vedlegg 1

Til deltakarar som er plukka ut til å representere kommunen sin på **UKM-festivalen Sogn og Fjordane 2019**

Samtykke- og informasjonsskjema

Eg vil representere kommunen min på UKM - festivalen Sogn og Fjordane i Vågsøy 29. – 31. mars 2019.

Eg har lese deltakarinformasjonen som ligg på www.ukm.no. Eg er kjende med ordensreglane for festivalen, og at eventuelle brot på desse vil føre til at eg blir sendt heim på eiga rekning.

Namn deltakar (BLOKKBOKSTAVER):.....

Underskrift deltakar:.....

Telefonnummer:..... (mobil) E-post adresse:.....

Spesielle omsyn i forhold til mat:

Vegetarianar:..... Et ikkje svinekjøtt:..... Allergiar:

Spesielle behov:

Rørslehemmingar:..... Behov for å ha med ledsagar:.....

Andre spesielle behov:.....

Reise:

Eg blir med på kommunen sin felles transport til Vågsøy: Ja..... Nei.....

(Om nei, forklar:.....)

Eg blir med på kommunen sin felles retur Ja..... Nei.....

(Om nei, forklar:.....)

Eg har gyldig reiseforsikring: Ja..... Nei.....

Fyllast ut for deltakarar under 18 år

Eg stadfestar at min son/mi dotter får vere med som deltakar på UKM-festivalen Sogn og Fjordane. Eg har fått informasjon, og er kjend med ordensreglane som gjeld, og at eventuelle brot på desse vil føre til heimsending på eiga rekning.

Namn føresette (BLOKKBOKSTAVAR)

.....

Tlf. E-post adresse:.....

Underskrift føresette:.....



Samtykke for publisering av film, foto mm frå UKM-festivalen Sogn og Fjordane 2019

Alle framsyningane i Nordfjordhallen under UKM-festivalen Sogn og Fjordane 29. – 31. mars 2019 vil bli filma av UKM Media og sendt direkte på NRK Sogn og Fjordane sine nettsider. Det kan bli laga klipp av kvart enkelt innslag på NRK Sogn og Fjordane sine nettsider som vil vere mulig dele via e-post og på sosiale mediar.

Det vil bli tatt scenefoto av alle innslaga i framsyningane. Bileta blir gjort tilgjengelege for lokalaviser og NRK Sogn og Fjordane, og kan bli brukt i reportasjar og artiklar i papir- og nettaviser i samband med arrangementet. Dei kan også bli lasta opp til www.ukm.no

Ein eigen festivalredaksjon med ungdommar vil jobbe journalistisk under festivalen. Dei vil hovudsakleg dekke dei sosiale sidene ved arrangementet.

Bilete og klipp frå arrangementet kan bli bruk på nettsider, i filmar, sosiale mediar og trykte publikasjonar som eit ledd i Sogn og Fjordane fylkeskommune eller kommunar i fylket sitt arbeid med UKM.

Bilete og filmklipp som blir publisert kan bli fjerna i ettertid om ein ønskjer det. Ta i så fall kontakt med Sogn og Fjordane fylkeskommune på e-post: postmottak.kultur@sfj.no eller tlf. 57 63 80 00.

- Eg/vi gjev vårt samtykke til at det kan bli publisert/nytta bilete/film av vårt barn/meg som deltakar på festivalen i samsvar med informasjonen ovanfor.
- Eg/vi gjev ikkje vårt samtykke til at det kan bli publisert/nytta bilete/film av vårt barn/meg som deltakar på festivalen i samsvar med informasjonen ovanfor.

Namn deltakar (BLOKKBOKSTAVER):.....

Namn føresette/deltakar over 18 år (BLOKKBOKSTAVAR)

.....

Tlf. E-post adresse:.....

Underskrift føresette/deltakar over 18 år:

.....



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



Framsidedfoto: Martha Linnea Pukallus, UKM Media,
Sogn og Fjordane fylkeskommune